

**KOMMISJONSDIREKTIV 98/66/EF****av 4. september 1998****om endring av direktiv 95/31/EF om fastsetjing av spesifikke reinleikskriterium for søtstoff som kan nyttast i næringsmiddel(\*)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE  
FELLESKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 89/107/EØF av 21. desember 1988 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om tilsetningsstoffer som kan anvendes i næringsmidler beregnet på konsum<sup>(1)</sup>, endra ved europaparlaments- og rådsdirektiv 94/34/EF<sup>(2)</sup>, særleg artikkel 3 nr. 3 bokstav a),

etter samråd med Vitskapsutvalet for næringsmiddel og

ut frå desse synsmåttane:

Europaparlaments- og rådsdirektiv 94/35/EF av 30. juni 1994 om søtstoffer til bruk i næringsmidler<sup>(3)</sup>, endra ved direktiv 96/83/EF<sup>(4)</sup>, inneheld ei liste over dei stoffa som kan nyttast som søtstoff i næringsmiddel.

I kommisjonsdirektiv 95/31/EF av 5. juli 1995 om fastsetjing av spesifikke reinleikskriterium for søtstoff som kan nyttast i næringsmiddel<sup>(5)</sup> er det fastsett reinleikskriterium for dei søtstoffa som er nemnde i direktiv 94/35/EF.

I lys av den tekniske utviklinga er det naudsynt å endre dei reinleikskriteria som er fastsette i direktiv 95/31/EF for isomalt (E 953). Direktivet må difor tilpassast.

Det må takast omsyn til dei spesifikasjonane og analyse-teknikkane for søtstoff som er fastsette i Codex Alimentarius av Den felles FAO/WHO-ekspertgruppa for tilsetjingsstoff i næringsmiddel (JECFA).

Tilsetjingsstoff som er framstilte ved produksjonsmetodar eller av utgangsmateriale som i stor mon skil seg frå dei som vurderinga til Vitskapsutvalet for næringsmiddel omfattar, eller frå dei som er nemnde i dette direktivet, skal leggjast fram for Vitskapsutvalet for næringsmiddel til ei fullstendig vurdering der det særleg vert lagt vekt på reinleikskriteria.

Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegnen frå Det faste næringsmiddelutvalet —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

*Artikkel 1*

I vedlegget til direktiv 95/31/EF vert den teksta som gjeld E 953 — isomalt, bytt ut med teksta i vedlegget til dette direktivet.

*Artikkel 2*

Medlemsstatane skal setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet, innan 1. juli 1999. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

*Artikkel 3*

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

*Artikkel 4*

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 4. september 1998.

*For Kommisjonen*

Martin BANGEMANN

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 257 av 19.9.1998, s. 35, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 61/1999 av 28. mai 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(1) TEF L 40 av 11.2.1989, s. 27.

(2) TEF L 237 av 10.9.1994, s. 1.

(3) TEF L 237 av 10.9.1994, s. 3.

(4) TEF L 48 av 19.2.1997, s. 16.

(5) TEF L 178 av 28.7.1995, s. 1.

## VEDLEGG

**“E 953 – ISOMALT****Synonym**

Hydrogenert isomaltulose, hydrogenert palatinose.

**Definisjon***Kjemisk nemning*

Isomalt er ei blanding av hydrogenerte mono- og disakkarid, der dei viktigaste delemna er følgjande disakkarid:

6-O- $\alpha$ -D-glukopyranosyl-D-sorbitol (1,6-GPS) og  
1-O- $\alpha$ -D-glukopyranosyl-D-mannitoldihydrat (1,1-GPM)*Kjemisk formel*6-O- $\alpha$ -D-glukopyranosyl-D-sorbitol:  $C_{12}H_{24}O_{11}$   
1-O- $\alpha$ -D-glukopyranosyl-D-mannitoldihydrat:  $C_{12}H_{24}O_{11} \cdot 2H_2O$ *Relativ molekylmasse*6-O- $\alpha$ -D-glukopyranosyl-D-sorbitol: 344,32  
1-O- $\alpha$ -D-glukopyranosyl-D-mannitoldihydrat: 380,32*Innhald*Ikkje under 98 % av hydrogenerte mono- og disakkarid, og ikkje under 86 % av blandinga av 6-O- $\alpha$ -D-glukopyranosyl-D-sorbitol og 1-O- $\alpha$ -D-glukopyranosyl-D-mannitoldihydrat, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet.**Karakteristikk**

Kvitt krystallinsk, svakt hygroskopisk stoff utan lukt.

**Kjenneteikn***A. Løysingsevne*

Løyseleg i vatn, tungt løyseleg i etanol.

*B. Tyntsjiktskromatografi*

Skal granskast ved tyntsjiktskromatografi der det vert nytta ei plate som er dekt med eit om lag 0,2 mm tjukt lag kromatografisk silikagel. Dei viktigaste flekkene på kromatogrammet kjem frå 1,1-GPM og 1,6-GPS.

**Reinleiksgrad***Vassinnhald*

Ikkje over 7 % (Karl Fischer-metoden).

*Sulfatoske*

Ikkje over 0,05 %, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet.

*D-mannitol*

Ikkje over 3 %.

*D-sorbitol*

Ikkje over 6 %.

*Reduserande sukker*

Ikkje over 0,3 %, uttrykt som glukose, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet.

*Nikkel*

Ikkje over 2 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet.

*Arsen*

Ikkje over 3 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet.

*Bly*

Ikkje over 1 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet.

*Tungmetall (uttrykt som Pb)*

Ikkje over 10 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet.”